



Ein del av uskedelingane ferdig pakka og klar for Oslo.

**Tradisjonen tru sender Rosendal turnlag ein stort tropp til Norway Cup. Denne årlege fotballstorhendinga startar komande helg og pågår heile den påfølgjande veka. Frå Rosendal er det påmeldt 5 lag med til saman 81 spelarar og 16 vaksne som bur saman på skule. I tillegg kjem truleg like mange andre som reiser som publikum.**

Rosendal turnlag organiserer fellesreisa med to store bussar i tillegg til ein minibuss. Bussen køyrer frå Uskedalen laurdag kl. 08.30, og så køyrer alle bussane saman frå Rosendal kl.9. Arvid Nes fortel at dei 81 spelarane er godt fordelt frå eit stort område avgrensa av Mauranger, Åkra og Uskedalen.

- Rundt 25 av spelarane kjem frå Uskedalen, og det er veldig kjekt at mange bygder er godt representert, seier primus motor Arvid Nes. Han legg til at det også kjem mange reisande til Oslo som dei ikkje har kontroll på.

- Eg vil tru det kjem eit lite hundre som bur på hotel og på andre måtar. Det pleier å vera veldig folksamt med kvinnheringar på kampene, og det er veldig kjekt kvart år, legg han til.

Arvid Nes kan melda om følgjande uskedelingar på laga:

G16: Mats Løland Eik, Sander Myklebust, Torstein Myklebust og Jacob Taranger.

G14: Viljar Simmones Tveit, Sander Simensen, Fredrik Haugland, Kristian Hansen og Sondre Klyve.

J14: Amalie Hovden Rød, Hanna Tvilde, Camilla Myklebust Ripel, Silje Soldal, Thea Soltveit Taranger, Ida Marie Eidsvik og Tor Gundersen(trenar).

J16: Merethe Myklebust og Emilie Bringedal.

G13: Tørres Lekva, Joacim Musland, Jostein Soldal, Ole H. Eik, Kristoffer Hauge og Jonathan Taranger.

I tillegg til desse spelar Martin H. Arnesen på TRIO sitt lag i G14, 7`ar.

Vi kjenner ikkje til at det har vore så mange uskedelingar på Norway Cup før. I fjor var det 16. Norway Cup er alltid ei stor oppleving. Det vert det også i år. Kva dag deltakarane er tilbake i Kvinnherad er litt usikkert sidan det er avgjerande kor langt dei kjem i turneringa.

Vi seier lukke til og nyt opplevinga!



J14-laget stiller i nye drakter gjevne av SPAR.

Tekst og nett: Thor Inge Døsland

Foto: Thor Inge Døsland og Tor Gundersen.